



Lover for Kleppe bedehus

1.

Kleppe bedehus vart bygd i 1906 med frivillige gåver frå folk i krinsen på Abraham Kleppes eigedom. I 1986 vart det gamle bedehuset rive og erstatta av eit nytt og større hus. I 2021 vart bedehuset bygd på med ny hovudsal. Huset skal nyttast til å fremja Guds rike, og vera til åndeleg nytte og gagn ved å arrangera møte og arrangement for ulike aldersgrupper.

2.

Til å føra tilsyn med huset blir det valt eit styre på fem medlemmer – menn og kvinner – som held fast ved den evangelisk lutherske tru. Det blir valt ein varamedlem. Styret vel seg i mellom leiar, nestleiar og kasserar. Den siste kan òg veljast utanom styret. Kwart år går vekselvis to eller tre medlemmer ut av styret. Første gong etter loddtrekning seinare etter tur. Det er val på kvart årsmøte. Dei som går ut av styret kan veljast på nytt.

3.

Røysterrett har truande kvinner og menn som held fast på vår lutherske tru, som sluttar opp om møteverksemda på Kleppe Bedehus og som har betalt medlemskontingent innan 31/12. Røysteretten gjeld frå det året ein fyller atten år. Årsmøtet fastset medlemskontingenten.

4.

Styret kjem med framlegg på nye medlemmer, men valet er ikkje bunde til desse.

5.

Dersom nokon av styremedlemmene fell ifrå ved død, bortflytting eller ved grov misferd i liv eller lære, vil første varamann bli medlem av styret resten av perioden som denne medlemmen har igjen.

6.

Styret syter for, enten ved sine egne medlemmer eller ved andre, å halda oppbyggingsmøte i bedehuset så langt råd er kvar sundag. Berre den forkynner som lever og lærer i samsvar med Guds ord og den lutherske tru (dei tre

trusartiklane og Luthersk forklaring) får tala i huset. Ukjende personar som vil tala i huset, må leggja fram godt vitnemål frå kjende kristne personar.

7.

Styret skal arbeida med å vedlikehalda og vidareutvikla huset. Styret orienterer årsmøtet gjennom budsjett, vedlikehaldsplan og investeringsplan korleis dette er tenkt gjennomført. Styret skal vareta huset sin økonomi og setja takstar for utleige. Dersom huset ikkje er oppteke av kristeleg verksemd, kan styret leiga ut huset til samankomster for almennyttige formål. Ved slike møte skal styret ha ansvar for at ikkje noko på møta strir mot den kristne læra. Huset kan også leigast ut til private arrangement.

8.

Årsmøtet skal haldast kvart år innan utgangen av mars månad. Leiar skal syta for at det vert ført ein forhandlingsprotokoll over styremøta, og på årsmøtet skal han leggja fram årsmelding. Kasserar skal leggja fram rekneskapen.

9.

Styret eller andre røysteføre kan koma med framlegg til forandring i desse lovene, men forandringane må ikkje strida mot ånd og prinsipp i lovene. Framlegget må leverast inn til styret minst ein månad før årsmøtet. Styret skal syta for at det blir gjort kjent. Eit slikt framlegg krev 2/3 fleirtal av dei røysteføre som har møtt fram for å verta vedteke.

10.

Kleppe bedehus er bygt med frivillige gåver frå det kristne lekfolk i krinsen og husleige frå kristne organisasjonar som held møte på huset, og held fram med å vera deira eigedom.